

Sak om forskriftsendringar i akvakulturregelverket i samsvar med forvaltningsreforma

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 For at fylkeskommunane skal kunne utøve politisk skjønn innan sine nye ansvarsområde, er det, som eit generelt utgangspunkt, viktig at forskriftene ikkje har ei slik detaljeringsgrad at ein ikkje kan utøve dette skjønnet.
- 2 Prinsippet om at den som utfører jobben med tildeling av løyve, også skal vere mottakar av gebyret for sakshandsaminga, må også gjelde her. Sogn og Fjordane Fylkeskommune ynskjer difor at sakshandsamingsgebyret skal tilfalle fylkeskommunane.
- 3 For ikkje å komplisere kvardagen for næringsaktørane, er det viktig med formalisert og velfungerande dialog og samordning av dei involverte forvaltningsnivåa (i dette tilfelle Fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet). Dette krev m.a. noko endra rutinar i høve til tidlegare praksis der regionkontora og sentralkontor har tilhøyrd same organisasjon.
- 4 Som ledd i dette arbeidet skal alle meldingar om samlokalisering, samdrift og konsernbiomasse handsamast av fylkeskommunane.
- 5 Fiskeridirektoratet skal forplikte seg til ein tett dialog med fylkeskommunane før ei tilbaketrekking av løyve vert sett i verk.
- 6 Det er gunstig med *eitt* felles nasjonalt skjema ved tildeling av løyve. Ved utarbeiding av eit slikt skjema, skal det leggjast opp til ein formalisert prosess der fylkeskommunane og Fiskeridirektoratet jamnleg gjennomfører evalueringar av utforminga av skjemaet.
- 7 Fylkeskommunen er open for at det, som ei overgangsordning, kan vere rom for ulike tilpassingar ved dei ulike regionkontora til korleis partane løyser arbeidsfordeling med søknadar som ikkje er ferdig handsama innan 1/1 2010. Hovudregelen skal likevel vere at fylkeskommunane overtek ansvaret frå denne dato.
- 8 Som ei følgje av dei punkta som er diskutert over, forslår fylkeskommunen følgjande endringar i ordlyden i forskriftene som er på høyring:

"Forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1799 om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret."

§5 Fylkeskommunen ynskjer at denne paragrafen blir uendra og at ein ikkje avgrensar Fiskeridirektoratet sitt mynde til å delegere.

§9 Første paragraf, første punkt: Ei endring av ordlyd frå "fastsatt skjema" til "skjema fastsatt av Fiskeridirektoratet" er å sjå på som ei forsterking av Fiskeridirektoratet sitt mynde, noko vi ikkje ynskjer. Her må fylkeskommunane ha ei formell moglegheit for påverknad av utforminga.

"Forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften)."

§8 Fylkeskommunen går imot framlegget om å endre første paragraf, andre linje (endring av ordlyd frå "fastsatt skjema" til "skjema fastsatt av Fiskeridirektoratet") med same grunngeving som i paragrafen over.

§37, 3. ledd, 1. pkt. Her er ordlyden "Fylkeskommunen plikter å utstede tillatelse så snart som

mulig, fortrinnsvis innen en uke regnet fra melding ... er mottatt". Fylkeskommunen meiner det er tilstrekkeleg at det står "så snart som mulig".

Forskrift om endring i forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta)

§6, 2. ledd, 1. pkt: Fylkeskommunen går imot framlegget om å endre ordlyden i "skjema fastsett av Fiskeridirektoratet" til "fastsett skjema" med same grunngjeving som følger av dei to føregåande forskriftene.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

1. Høyringsbrev: "Forskriftsendringer i akvakulturregelverket i samsvar med forvaltningsreformen"
2. Utkast til forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1799 om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret.
3. Utkast til forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften).
4. Utkast til forskrift om endring i forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta)
5. Utskrift til forskrift om endringar i forskrift 22. juni 2009 nr. 961 om særskildte krav til akvakulturrelatert virksomhet eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder.
6. Utskrift til forskrift om endringar i forskrift 28. desember 2005 nr. 1706 om Akvakulturregisteret (A-registerforskriften).

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Fylkeskommunen har motteke høyringsbrev datert 29. oktober 2009 frå Fiskeri- og kystdepartementet. Høyringa omhandlar endringar i forskrifter til akvakulturregelverket som skal gjennomførast i samband med forvaltningsreforma. Som ei følge av overflytting av oppgåver frå Fiskeridirektoratet sitt regionkontor til fylkeskommunen er det trong for ei oppdatering av forskriftene.

Forskriftsforslaga følgjer dei føringane som er gjevne i Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) og Innst. O. Nr. 30 (2008-2009) og vil tre i kraft frå 1. januar 2010. For å følgje opp forvaltningsreforma er det naudsynt å endre 5 forskrifter for tildeling. Alle fem forskriftene er heimla i akvakulturlova. Desse forskriftene er:

- Forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1799 om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret.
- Forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften).
- Forskrift om endring i forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta)
- Forskrift om endringar i forskrift 22. juni 2009 nr. 961 om særskildte krav til akvakulturrelatert virksomhet eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder.
- Forskrift om endringar i forskrift 28. desember 2005 nr. 1706 om Akvakulturregisteret (A-registerforskriften).

Frist for å levere høyringsuttale er 10. desember.

2. VURDERING OG KONSEKVENSA

Fiskeri- og kystdepartementet har forskriftskompetansen etter akvakulturlova og fastset ved forskrift kva type løyve om kan gjevast og dei generelle rammene for løyva. Forvaltningsreforma har såleis inga innverknad på departementet si rolle i akvakulturforvaltninga. Fylkeskommunen vil likevel peike på at bakgrunnen for at desse oppgåvene vart overførte til folkevald politisk nivå, var at ein skal kunne utøve politisk skjønn også i tildelingssaker. Det er difor viktig at forskriftene som fylkeskommunen skal rette seg etter, ikkje har ein slik detaljeringsgrad at det ikkje vil vere mogleg å utøve politisk skjønn. Dette vil undergrave mynde i det politiske folkevalde nivået, noko som ikkje er føresett ved overføringa av oppgåvene.

Gebyr

Forvaltningsreforma inneber m.a. at Fiskeridirektoratet si sakshandsaming knytta til tildeling av løyve skal overførast til fylkeskommunen. Fylkeskommunane skal koordinere og vidaresende akvakultursøknadar til relevante sektorstyresmaktar og kommunar. Fylkeskommunen skal sakshandsame søknadar om løyve til både talavgrensa og ikkje-talavgrensa løyve, inkludert søknadar om akvakultur i ferskvatn. Vidare skal fylkeskommunane sakshandsame søknadar om endringar i løyvet for eksisterande verksemder og lokalitetsklareringar.

I høyringsbrevet kjem det fram, i følge forskrift om gebyr og avgift i samband med akvakulturverksamdom, at søknadsgebyret skal vere innbetalt til statskassa før søknadane kan handsamast. Fylkeskommunen finn det underleg at eit gebyr som i si tid vart innført for å dekke kostnadane for sakshandsaming, ikkje skal tilfalle fylkeskommunane som no skal gjennomføre dette arbeidet.

Samdrift, samlokalisering og konsernbiomasse

I høyringsbrevet kjem det fram at departementet ynskjer eit skilje mellom meldingar om samlokalisering og melding om samdrift og konsernbiomasse. Meldingar om samlokalisering skal overførast til fylkeskommunen, medan melding om samdrift og konsernbiomasse skal vere tilbake som Fiskeridirektoratet sitt ansvarsområde. Fylkeskommunen ber om at ein vaktar seg vel for å komplisere ansvarsområda på denne måten, då det primære må vere at næringa har *ein* felles "inngang" til endringsmeldingar. Vi ynskjer difor at alle desse oppgåvene vert overførte til fylkeskommunane. Kunnskap om konsernbiomasse og samdrift er også faktorar som kan vurderast i ein konkurransesituasjon ved nytildelingar, og fylkeskommunen må inneha også denne kunnskapen.

Tilbaketrekking av løyve

Fylkeskommunen har i utaangspunktet ingen innvending mot at tilbaketrekking av løyve grunna passivitet, skal sjåast på som ei forlenging av tilsyns- og kontrolloppgåvene som skal handsamast ved Fiskeridirektoratet sine regionkontor. Ein vil likevel peike på at det er særskild viktig at Fiskeridirektorata vert pålagt ein tett dialog med fylkeskommunane *før* ei tilbaketrekking vert iverksett.

Felles søknadsskjema

Fylkeskommunen ser det som ei føremon at ein framleis skal ha *eitt* felles nasjonalt skjema for søknad om løyve, og finn det greitt at Fiskeridirektoratet sentralt framleis skal ha det overordna ansvaret med å utarbeide søknadsskjemaet. Fylkeskommunen vil likevel krevja at ein føreteik ei jamnleg evaluering av utforminga av dette skjemaet. Sidan det er fylkeskommunane som skal handtera søknadsskjemaet, er det også dei som vil føle kor eigna skjemaet er. Sidan utarbeiding og bruk av søknadsskjema no involverer to ulike forvaltningsorgan, krev dette ein formalisert prosess for dialog og tilbakemelding der fylkeskommunane får høve til å påverke utforminga av skjemaet.

Søknadar som ikkje er ferdig handsama innan 1/1 2010

Fylkeskommunen ser med undring på framlegget i høyringsbrevet om at søknadar som er påbegynt, men ikkje er ferdig handsama innan 1. januar 2010, er foreslått ferdig handsama ved Fiskeridirektoratet sine regionkontor. Undringa er knytt til at dette er stikk i strid med alle tidlegare tilbakemeldingar. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har saman med Fiskeridirektoratet region Vest samarbeidd godt med tanke på at personressursar og tekniske løysingar skal vere på plass i fylkeskommunen i god tid før årsskiftet. Vi har grunn til å tru at vi er godt i rute med dette arbeidet. Det nye forslaget er ukomplisert for fylkeskommunen, men vi ser at det vil vere ei utfordring for Fiskerikontoret region Vest då sakshandsamarane som var knytt opp mot desse oppgåvene vil vere i arbeid med fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane som arbeidsgjevarar i god tid innan overgangen til 2010. Det betyr at regionkontoret Vest har ei stor utfordring då dei ikkje sit med denne type kompetanse frå årsskiftet.

Fylkeskommunen meiner difor det må vere rom for ulike tilpassingar ved dei ulike regionkontora som ei overgangsordning, men at hovudregelen må framleis vere at fylkeskommunane overtek ansvaret frå årsskiftet.

Kommentarar til forskriftene sin ordlyd:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune sine kommentarar til endringar i ordlyden i forskriftene er i stor grad tufta på våre innspel til endringar som er drøfta over.

"Forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1799 om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret."

§5 Her er det framlegg om å innsnevre moglegheit til delegering av å fastsette grense på tal løyver i høve gjeldane forskrift. Fylkeskommunen ynskjer at denne paragrafen blir uendra og at ein ikkje avgrensar Fiskeridirektoratet sitt mynde til å delegere.

§9 Framlegg i første paragraf, første punkt om å endre ordlyd frå "fastsatt skjema" til "skjema fastsatt av Fiskeridirektoratet". Dette er ei forsterking av Fiskeridirektoratet si mynde som vi ikkje kan akseptere med bakgrunn i argumentasjonen under avsnittet om "Felles søknadsskjema".

"Forskrift om endring i forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften)."

§8 Fylkeskommunen går imot å endre ordlyd i første paragraf, andre linje frå "fastsatt skjema" til "skjema fastsatt av Fiskeridirektoratet".

§37, 3. ledd, 1. pkt. Her er ordlyden "Fylkeskommunen plikter å utstede tillatelse så snart som

mulig, fortrinnsvis innen en uke regnet fra melding ... er mottatt". Fylkeskommunen er i sterk tvil om tidsavgrensinga på ei veke bør nemnast. Det bør vere tilstrekkeleg at det står "så snart som mulig". Dette har m.a. samanhang med at fylkeskommunane ikkje har tilgang til same synergieffekt som Fiskeridirektoratet har hatt ved å samordne desse oppgåvene med andre tilsynsoppgåver knytt til same saksfelt. Vi er avhengige av at våre tilsette også tek del i andre plan- eller utviklingsorienterte oppgåver fylkes-kommunen har, og at dei tilsette sitt fokus i einkilde periodar kan vere på andre felt enn handsaming av tildelingar og løyve.

Forskrift om endring i forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta)

§6, 2. ledd, 1. pkt: Fylkeskommunen ynskjer å endre ordlyden i "skjema fastsett av Fiskeridirektoratet" til "fastsett skjema" basert på argumentasjonen under avsnittet om "Felles søknadsskjema".

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Ei av føresetnadane for overføring av oppgåver til folkevald politisk nivå, er at fylkeskommunane skal kunne utøve politisk skjønn. Det er difor viktig at forskriftene, som eit generelt utgangspunkt, ikkje har ei slik detaljeringsgrad at ein ikkje kan utøve dette skjønnet.

Fylkeskommunen ser det som eit greitt prinsipp at den som utfører jobben med tildeling av løyve, også skal vere mottakar av gebyret for sakshandsaminga.

For at forvaltningsreforma skal ikkje skal komplisere kvardagen for næringsaktørane, er det viktig med formalisert og velfungerande dialog og samordning av dei involverte forvaltningsnivåa (i dette tilfelle Fylkeskommunen og Fiskeridirektoratet). Dette krev m.a.

noko endra rutinar i høve til tidlegare praksis der regionkontora og sentralkontor har tilhøyrde same organisasjon.

Som ledd i dette arbeidet meiner Sogn og Fjordane Fylkeskommune at m.a. meldingar om samlokalisering, samdrift og konsernbiomasse alle vert handsama av fylkeskommunane, og ikkje fordelt på to etatar.

Det er vidare viktig at Fiskeridirektoratet vert pålagt ein tett dialog med fylkeskommunane før ei tilbaketrekking av løyve vert sett i verk.

Ved utarbeiding av *eitt* felles nasjonalt skjema for søknad om løyve, skal ein legge opp til ein formalisert prosess der fylkeskommunane og Fiskeridirektoratet jamnleg gjennomfører ei evaluering av utforminga av skjemaet.

Fylkeskommunen er open for at det som ei overgangsordning, kan vere rom for ulike tilpassingar ved dei ulike regionkontora til korleis partane løyser arbeidsfordeling med søknadar som ikkje er ferdig handsama innan 1/1 2010.

Som ei følge av dei punkta som er diskutert over, forslår fylkeskommunen nokre endringar i ordlyden i forskriftene som er på høyring.